

## **Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller bustad tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister, Vestre Slidre kommune, Oppland**

**Heimel:** Fastsett av Vestre Slidre kommunestyre ..... 2017 med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) § 3-2a.

### **§ 1. Formål**

Forskrifta skal bidra til å betre rettsstillinga til pasientar og brukarar når det gjelde rett til opphald i sjukeheim eller bustad tilrettelagt for heildøgns tenester.

Forskrifta skal også bidra til betre forutsigbarheit og meir openheit rundt kriterier for tildeling og ventelister i Vestre Slidre kommune. Forskrifta skal også gi betre oversikt over behovet for langtidsopphald og bustad tilrettelagt for heildøgns tenester.

### **§ 2. Verknadsområde**

Forskrifta gjelder pasient og bruker som har rett (etter pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1e) til langtidsopphald i institusjon eller tilrettelagt bustad.

Forskrifta skal omfatte pasientar og brukarar som vil være best tent med langtidsopphald, men der kommunen vurderer at vedkomande kan bu heime, med forsvarlege tenester i påvente av langtidsopphald.

### **§ 3. Definisjonar**

*Langtidsopphald institusjon:* Opphald utan sluttdato/ikkje- tidsbegrensa opphald der pasientens helsetilstand og behov for helse- og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynlig at vedkomande vil flytte heim eller få tilbod om lågare nivå av helse- og omsorgstenester.

*Venteliste langtidsopphald og tilrettelagt bustad:* Kommunens oversikt over de pasientar/brukarar som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald eller tilrettelagt bustad, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald. Ventelista er ikkje eit køsystem, og plass på ventelista gjev ikkje fortrinnsrett til ledig plass på institusjon.

### **§ 4. Generelt om tildeling langtidsopphald**

Langtidsopphald på institusjon er eit høgare omsorgsnivå enn helse- og omsorgstenester i heimen. Kravet er at langtidsopphald som gis skal være forsvarlig, og at heimebaserte tenester må være prøvd ut fyrst.

Langtidsopphald i institusjon er for pasientar som har store behov for medisinsk oppfølging og omfattande helse- og omsorgstenester.

Langtidsopphald skal fortrinnsvis være eit tilbod til personer over 67 år.

Kommunen skal samhandle med pasient, deira pårørande og verge i tildelingsprosessen.

### **§ 5. Kriterier for tildeling av langtidsopphald**

- Pasient må sjølv ha søkt på tenesta. Dersom ein ikkje sjølv er i stand til å søkje, kan næraste pårørande, verge eller fullmektig søkje.

- Pasient må etter individuell vurdering fylle vilkåra for nødvendig helsehjelp i lov om helse- og omsorgstenester § 3-1 og § 3-2, pkt. 6c og 6d.
- Pasient må gi sitt samtykke til at tenesta blir iverksett.
- Pasient må være varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv og ikkje lenger meistre dagliglivets gjøremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.
- Pasient må ha et omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester, og ikkje få dekka sitt daglege behov for helsetenester, pleie og omsorg på eit forsvarlig nivå i eigen heim..
- Andre tiltak i heimen skal være vurdert og/eller prøvd før søknad vert innvilga..

Under kriteriet omfattande behov, inngår ei heilskapeleg vurdering av funksjonsnivå og eigenomsorg til pasient.

*Tilleggsvilkår for langtidsopphald i skjerma avdeling:*

- Har diagnosen demens eller er under utreiing.
- Har særskilt behov for trygghet, stabilitet og forutsigbarheit i miljøet.
- Har atferdsavvik som for eksempel vandring og motorisk uro.
- Reduksjon av helsetilstand pga. somatisk sjukdom, eller føreståande død, kan medføre flytting til somatisk avdeling.

## **§ 6. Kriterier for tildeling av tilrettelagt bustad med heildøgns bemanning**

Personar som har eit omfattande, døgnskcontinuerlig bistandsbehov som ein kan vente vil vere livet ut og som ikkje kan ivaretakast i noverande bustad.

- Bruker må sjølv ha søkt på tenesta. Dersom ein ikkje sjølv er i stand til å søkje, kan næraste pårørande, verge eller fullmektig søkje.
- Brukar må etter individuell vurdering fylle vilkåra for nødvendig helsehjelp i lov om helse- og omsorgstenester § 3-1 og § 3-2, pkt. 6c og 6d.
- Brukar må gje sitt samtykke til at tenesta blir iverksett.
- Brukar må ha fysisk- og/ eller psykisk funksjonsnivå som tilseier eit stort behov for omsorgstenester.
- Noverande bustads beliggenheit/ tilgjengelighet og egnatheit er ikkje tilpassa di funksjonsnedsetting.
- Eit vedtak om tilrettelagt bustad innebær at søkjar inngår leieavtale med Vestre Slidre kommune.

## **§ 7. Ventelister langtidsopphald og tilrettelagt bustad**

Pasientar/ brukarar som har fått vedtak om at dei er kvalifisert for langtidsopphald, men som med forsvarlig hjelp kan bu heime i påvente av plass på institusjon, skal først på kommunen si venteliste for langtidsopphald. Ved kvar tildeling av langtidsopphald, skal kommunen vurdere det individuelle behovet til nye søkjarar og alle som står på kommunen si venteliste for langtidsopphald.

Venteliste for langtidsopphald gir ingen fortrinnsrett til plass på institusjon, og seinare plasserte pasientar vil kunne få plass fyrst dersom deira behov vurderast som større.

Kommunen skal ha ei oversikt over dei pasientar og brukarar med vedtak som står på venteliste. Venteliste for tilrettelagt bustad fungerer på same måte.

## **§ 8. Oppfølging av ventelister**

Pasientar og brukarar som står på kommunen si venteliste skal kontinuerleg vurderast ut frå behovet for tildeling. Kommunen sine rutinar skal sørge for at pasientar og brukarar på venteliste har nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei venter på langtidsopphald eller tilrettelagt bustad.

Kommunen skal ha en systematisk og fortløpande evaluering og vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til pasientar og brukarar på venteliste for å fange opp eventuelle endringar i bistandsbehov.

## **§ 9. Klageadgang**

Klagen sendes til Vestre Slidre kommune innan fire veker kor klaga vil bli behandla. Dersom søkjar ikkje får medhald, sendes klagen til Fylkesmannen i Oppland (lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2) innan fire veker. Nærare orientering om klagebehandling går fram av vedtaket.

## **§ 10. Iverksetting**

Disse bestemmelsane trer i kraft når dei er vedtekne av kommunestyret og lovlig kunngjort.

